

Ulike verkemiddel i arbeidet med førarkort og helsekrav

Dei som skal ha førarkort, må blant anna oppfylle ein del helsekrav. Desse krava blei endra sommaren 2010. Særleg førte endringane til at grensene for bruk av vanedannande legemiddel knytt til køyring vart tydelegare.

Helsepersonellova seier at ein lege, optikar eller psykolog skal sende melding til fylkesmannen når ein pasient ikkje oppfyller helsekrava for å ha førarkort og tilstanden ikkje er kortvarig. Fylkesmannen vurderer om meldinga er send på rett grunnlag. Dersom det blir bekrefta, rår fylkesmannen politiet til å inndra førarkortet til pasienten.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal brukte media aktivt for å formidle til helsepersonell og publikum at krava var endra. I samband med turnuslegekurset hausten 2010 vart også førarkorttemaet utvida frå tidlegare kurs. Turnuslegane var vidare med på å spreie oppdatert kunnskap ut til fastlegekontora, og etter kvart også inn i sjukehusa. Etter stor pågang frå fastlegar og sjukehuslegar vart det våren 2011 halde fleire kurs for legane i fylket. Kursa var fullteikna, og ein stor del av legane i fylket tok del på kurset. Etter dette vart det ein stor auke i talet på meldingar til Fylkesmannen om personar som ikkje oppfyllte helsekrava for førar-

kort. Talet på saker om inndraging auka frå om lag 150 per 100 000 førarkort i 2009 til over 900 i 2011. I resten av landet låg talet stabilt mellom 200 og 300 saker per 100 000 førarkort desse åra.

I tillegg til auka saksmengd fikk vi mange førespurnader frå publikum og helsepersonell om rådgjeving omkring regelverket. Det vart også gjennomført fleire møte med legar og psykologar.

” nedgangen i bruken av vanedannande legemiddel er større i fylket vårt enn gjennomsnittet for landet.”

delbruk. Desse opplysningane førte til at vi oppretta eigne saker, og politiet inndrog førarkorta til pasientane. Sakene fekk mykje merksemd i media og vart på mange måtar retningsgivande for fagmiljøet i fylket.

Også etter dette har vi vore særleg merksame på korleis legane føreskriv vanedannande legemiddel. Mellom anna har vi laga ein eigen handlingsplan om temaet. I tillegg til å informere om planlagd tilsynsaktivitet på temaet peiker handlingsplanen på skilnadene mellom kommunane når

Vi brukte også endringane i helsekrava til å sjå nærare på praksisen blant legar med å skrive ut vanedannande legemiddel. Hausten 2010 blei vi, da vi behandla to tilsynssaker mot fastlegar i fylket, kjende med at eit større tal pasientar ikkje oppfyllte helsekrava som følgje av legemid-

det gjeld bruken av vanedannande legemiddel blant innbyggjarane. Tal frå Reseptregisteret viser store skilnader i korleis slike legemiddel blir brukte, både når det gjeld vanedannande legemiddel, sovemedisinar og morfinpreparat. I tråd med planen har vi i 2014 og 2015 gjennomført planlagde tilsyn med utvalde legekontor og legar.

Som tilsynsorgan ønskjer vi å vere tydelege om kva forventningar vi har til legane når det gjeld føreskriving av vanedannande legemiddel. Vi ser at uromeldingar om enkeltlegar oftast kjem seint, og at ein uheldig praksis da allereie er etablert. Gjennom kurs, direkte rådgjeving av legar, handlingsplan og planlagde tilsyn ønskjer vi å førebyggje dårleg praksis. Tilbakemeldingane frå fagmiljøet har vore positive. Mange har vist til at dei har nytta handlingsplanen til internundervisning, smågruppearbeid og liknande. Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil også dei kommande åra arbeide med temaet. I tillegg til at Transportøkonomisk institutt har vurdert at førarkortiltaka våre reduserte talet på dødsulykker i fylket, registrerer vi at nedgangen i bruken av vanedannande legemiddel er større i fylket vårt enn gjennomsnittet for landet.

Referansar:

1. <https://www.fylkesmannen.no/Documents/Dokument%20FMMR/Handlingsplan%20-%20forsvarlig%20forskriving.pdf>
2. <https://www.toi.no/trafikksikkerhet/skjerpet-helsekrav-til-forerarkort-gir-bedre-trafikksikkerhet-article33020-220.html>
3. <http://www.reseptregisteret.no/>